

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 196/2023

av 22. september 2023

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/8 av 3. januar 2023 om fornya godkjenning av preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 21762, *Lactiplantibacillus plantarum* NCIMB 30236 og *Lactococcus lactis* NCIMB 30117 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 868/2011, (EU) nr. 1111/2011 og (EU) nr. 227/2012<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/53 av 4. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av *Pediococcus acidilactici* CNCM I-4622 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/54 av 4. januar 2023 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2022/652 om godkjenning av ekstrakt av bitterappelsin som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Gjennomføringsforordning (EU) 2023/8 opphevar Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 868/2011<sup>(4)</sup>, (EU) nr. 1111/2011<sup>(5)</sup> og (EU) nr. 227/2012<sup>(6)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve og fôrvarer. Føresegner om veterinære tilhøve og fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidsambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 6) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

---

(1) TEU L 2 av 4.1.2023, s. 28.

(2) TEU L 3 av 5.1.2023, s. 8.

(3) TEU L 3 av 5.1.2023, s. 12.

(4) TEU L 226 av 1.9.2011, s. 2.

(5) TEU L 287 av 4.11.2011, s. 30.

(6) TEU L 77 av 16.3.2012, s. 8.

## Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 449 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/652) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32023 R 0054:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/54 av 4. januar 2023 (EUT L 3 av 5.1.2023, s. 12).”

2. Etter nr. 478 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1525) skal nye nummer lyde:

”479. **32023 R 0008:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/8 av 3. januar 2023 om fornya godkjenning av preparat av *Lactiplantibacillus plantarum* DSM 21762, *Lactiplantibacillus plantarum* NCIMB 30236 og *Lactococcus lactis* NCIMB 30117 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 868/2011, (EU) nr. 1111/2011 og (EU) nr. 227/2012 (EUT L 2 av 4.1.2023, s. 28).

480. **32023 R 0053:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/53 av 4. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av *Pediococcus acidilactici* CNCM I-4622 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 3 av 5.1.2023, s. 8).”

## Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2023/8, (EU) 2023/53 og (EU) 2023/54 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

## Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

## Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 22. september 2023.

For EØS-komiteen

**Pascal Schafhauser**

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Formann

UOFFISIELL OMSETJING